

# Lokal plan for trafikktryggleik for Tryggheim ungdomsskule.

## Innhald

<a href="#">Målsetjing</a> .....	3
<a href="#">For å nå dette målet må:</a> .....	3
<a href="#">Tiltak</a> .....	3
<a href="#">Trafikkveiledning</a> .....	3
<a href="#">Førebyggjing av skadar og ulykker i tilknyting til trafikk</a> .....	4
<a href="#">Handtering av ulykke- og faresituasjonar i tilknyting til trafikk</a> .....	4
<a href="#">Informasjon om rutinar og tryggleiksutstyr</a> .....	4

## Målsetjing

Visjonen er å få til eit trafikkikkert Noreg. Me har som mål at ingen elevar eller vaksne i tilknytning til Tryggheim ungdomsskule, skal bli skada eller drepne i trafikken.

### For å nå dette målet må:

- **Eleven** få kunnskap, ferdigheit og gode haldningar til åtfærd i trafikken.
- **Føresette** medverka til gode haldningar gjennom trafikkikker utrustning av elevane, støtta eleven si opplæring, vera aktsame i trafikken og hindra at trafikkfarlege situasjonar oppstår ved henting og levering ved skulen.
- **Personalet** ved skulen vera førebilete med gode haldningar, vera aktsame i trafikken og bruka refleks på kleda og lys på sykkelen.

## Tiltak

- **Eleven** har ansvar for å vera synleg i trafikken ved å ta i bruk kunnskapen ho/han har lært om åtfærd i trafikken. \* (Les kva forsikringsselskapet skriv om dette)
- **FAU** samarbeidar med skulen om haldningsskapande tiltak og føresette blir informert og blir aktivt med i den førebyggjande trafikkopplæringa.
- **Føresette** oppmodar elevane til å vera aktsame når dei går til og frå skulen, ved å bruka refleks og hjelm samt godkjent sykkel (*sjå Trygg trafikk sine føreskrifter om krav til sykkel*). Du må òg vera aktsame i hente- og bringsituasjonar når elevane blir kjørt. \* (Les kva forsikringsselskapet skriv om dette)
- **Personalet** blir bevisstgjort på å vera gode førebilete for elevane.
- Skulen har eigne retningslinjer for gåtur, tur med sykkel, bil og buss.
- Skulen har valfag «trafikk».

## Trafikkrettleiing

Ein lærar/miljøarbeidar har funksjonen som «trafikkansvarleg» på skulen. Ungdomsskulen, i samarbeid med FAU arrangerer kvart år lys- og reflekskampanje som startar like etter haustferien og som sluttar rett etter vinterferien. Som et ledd av dette har skulen:

- Kvar haust trafikktryggleik som tema på foreldremøte.
- Før ein startar kampanjen vert det sendt ut informasjon til føresette der det blant anna blir informert om reglar ved bruk av lys- og refleks.
- Elevane får besøk av både politi og Trygg Trafikk i Rogaland, ved oppstart av reflekskampanjen. Alle får utdelt refleks frå Trygg Trafikk.
- Reglar ved bruk av lys- og refleks, samt retningslinjer om krav til sykkel, blir gjennomgått og annonsert på oppslagstavla i vrimlehallen.

## Førebygging av skader og ulykker i tilknytning til trafikk

- Elever bruker:
  - o reflekser(vedlegg 1)
  - o hjelm (vedlegg 2)
  - o godkjent sykkel (vedlegg 3)
- FAU i samråd med lærarar/føresette kartlegg skulevegen og organiserer kontroll av reflekser- og lys i kampanjeperioden. Denne jobbar i tillegg med haldningsskapande tiltak.
- Skulen og dei tilsette arrangerer lys-refleks kampanjar kvart skuleår
- Lærar/ miljøterapeut vurderer trafikktryggleik når dei går eller sykklar tur med elevane. Dette gjeld og bemanning og farlege kryssingspunkt. Dei har og ansvar for å spørja etter om det er setebelte ved bestilling av taxi- og busstransport.

## Handtering av ulykkes- og faresituasjonar i tilknytning til trafikken.

- Elevar, føresette og personalet rapporterer om potensielt farlege situasjonar.
- Nødnummer er oppslått i administrasjonen på ungdomsskulen kor det og er førstehjelpsutstyr.
- Lærarane /miljøterapeutane har med seg mobiltelefon og førstehjelpsutstyr på tur.

## Informasjon om rutinar og tryggleiksutstyr

- Elevane vert informert når kampanjen startar og i klassens time på skulen.
- Tilsette på skulen vert informert på fellesmøter.

---

\*Knif Trygghet skriv dette:

**"Uaktsomhet** er en form for skyld som innebærer at man har **opptrådt i strid med det en alminnelig fornuftig person ville gjort i en tilsvarende situasjon**. Man skiller mellom vanlig/simpel uaktsomhet og grov uaktsomhet. I sistnevnte tilfelle kreves det gjerne et markert avvik mellom den utviste atferd og en atferd som objektivt kan betegnes som forsvarlig. Grensen mellom aktsom (forsvarlig), uaktsom og grovt uaktsom atferd vil bero på et skjønn, og kan ofte være vanskelig å trekke."

- det vil si at f.eks. sykling uten lys og reflekser i mørket absolutt må anses som uforsvarlig dersom det er en medvirkende faktor til at ulykken skjer - hvorvidt det i tillegg vurderes å være grovt uaktsomt vil avhenge av øvrig hendelsesforløp, alder med mere...

Sikkerhetsforskrifter skal i sin alminnelighet følges og fravik fra dette er absolutt en faktor som legges til grunn i selskapets helhetlige vurdering:

Dersom forholdet vurderes å ligge så langt utenfor alminnelig fornuft at man anser det grovt uaktsomt vil dette igjen medføre en avkortning på erstatningen. Jo eldre man er jo strengere krav stilles det til at man skal utvise alminnelig fornuft og handle deretter. F.eks. 13 åringer vil helt klart ha en forutsetning for å vite hva som er fornuftig og ikke, (men det stilles nok noe mindre krav enn til en voksen.)

Alle faktorer vil bli tatt i betraktning i et skadetilfelle - analyse av skadeårsak, hvorvidt man har opptrådt uaktsomt i denne konkrete situasjonen, hvilken betydning dette har hatt for skadeforløpet og om det innebærer at man selv kan lastes for deler/mesteparten av ansvaret for at skaden skjedde.

Oppsummert: adferden skal tilsi sunn fornuft og være forsvarlig sett ut i fra en alminnelig fornuftig persons ståsted. Markerte avvik fra dette kan medføre nedsettelse av selskapets ansvar.

## **Regler ved bruk av refleks og lys på sykkel på Tryggheim Ungdomsskule**

- Refleksen må vera godt synleg
- Når du sykklar må baklys og framlys vera på.
- Dersom du ikkje har brukt refleks når du sykklar, må du bruka refleks når du går frå sykkelen og inn til skulen.
- Blir du kjørt til skulen må du og bruka refleks
- 

Refleks/lys-kontrollar vil bli gjennomført omtrent 1 gong kvar veke

## Vedlegg 2

# Hjelm

Syklister er den mest sårbare gruppa i trafikken.

Derfor er det viktig at du brukar hjelm når du sykklar for å beskytta deg mot skade på hovudet.



### Rett bruk av sykkelhjelm:

1. Plasser hjelmen slik at både panne og bakhovudet blir dekket
2. Fest reima godt
3. Ikkje bruk hjelm som er har blitt utsett for støyt
4. Bruk alltid hjelm når du er ute og sykklar også på korte turar.



**Feil**



**Rett**

## Vedlegg 3

# Godkjent sykkel

